

## **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 28.11.2018**

**Rasmus Laupsa Rasmussen (A)** sette på vegner av A, Sp og KrF fram slikt forslag:

«Nytt punkt 2:

Fylkesutvalet merkar seg at rapporten konkluderar med at nullvekst i heile analyseområdet krev kraftig redusert trafikk, særleg i dagens omegnskommunar rundt Bergen. For å oppnå målet om nullvekst krevst det omfattande tiltak, både restriktive og positive, i alle kommunane i avtaleområdet.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 fekk ingen røyster og fall.

Rasmussen sitt forslag fekk 10 røyster og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3 fekk 11 røyster og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 4 fekk 11 røyster og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet tek saka til orientering.

2. Fylkesutvalet merkar seg at rapporten konkluderar med at nullvekst i heile analyseområdet krev kraftig redusert trafikk, særleg i dagens omegnskommunar rundt Bergen. For å oppnå målet om nullvekst krevst det omfattande tiltak, både restriktive og positive, i alle kommunane i avtaleområdet.

3. Fylkesutvalet vil framheve at nye investeringar aleine ikkje er nok for å nå nullvekstmålet, men at det må bli kombinert med restriktive tiltak knytt til parkering og bompengar. Fylkesutvalet vil også understreke at kompakt arealbruk og satsing på infrastruktur for kollektiv, sykkel og gange er naudsynt for å oppretthalde mobiliteten i befolkninga.

4. Det er knytt vesentlege kostnader til investering og drift av kollektivsystemet for å handtere framtidig vekst i passasjertal. Fylkesutvalet peiker difor på at måloppnåing i høve til nullvekst i personbilsporten berre kan realiserast dersom dei økonomiske rammene til drift og vedlikehald vert auka i tråd med kostnadsveksten